



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsstyret
Møtestad: Austefjorden, 1. etg., Rådhuset
Dato: 15.11.2016
Tid: 13.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Åshild Vik	Medlem	SV

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hans Peter Eidseflot	Øyvind Festø	SP
Milan Ilic	Lina Marie Bjørkedal	AP
Idar Flo	Åshild Vik	V
Petter Espe	Sindre Rotevatn	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef
Per Heltne	Fagansvarleg plan
Bente Kristin Krøvel	Møtesekretær

SAKLISTE

Saksnr. **Sak**
PS 74/16 **Godkjenning av innkalling og sakliste**

PS 75/16 **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**



VOLDA KOMMUNE

PS 76/16	Søknad om godkjenning av gangveg på Folkestadsetra, gbr 107/1-9 og 107/13-14
PS 77/16	Gbr 6/25 og 26 - vorpirar og flytebrygge ved naust/fritidseigedomar - framlegg til justert utbyggingsplan
PS 78/16	Gbr 35/3, 36/1, 37/2 og 38/3 Oppføring av hus, skytebane og veg
PS 79/16	Scooterløyve Volda kommune 2017 – 2020
PS 80/16	Møteplan 2017 – forvaltningsutvalet
PS 81/16	Orienteringssaker
OS 7/16	Orienteringssaker
	Fylkesmannen i Møre og Romsdal - svar på klagesak i forvaltingsstyret - konsesjon gbr 66/2
PS 82/16	Trafikkforhold i Kårstadvegen/Røystunvegen

PS 74/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Idar Flo ynskte å ta opp ei sak om trafikkforholda i Kårstadvegen.
Leiar foreslo at det vert teke opp til sist i møtet.

Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret - 15.11.2016

Innkalling vart samrøystes godkjend.

Sakliste, med tillegg av sak som Flo vil ta opp, vart samrøystes godkjend.

PS 75/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret - 15.11.2016

Møteprotokoll frå førre møte 13.09.2016 vart samrøystes godkjend.



PS 76/16 Søknad om godkjenning av gangveg på Folkestadsetra, gbr 107/1-9 og 107/13-14

Handsaming:

Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret - 15.11.2016

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsstyret dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Folkestad. Dispensasjonen gjeld for opparbeiding av gangveg frå Blåffjellsvegen ned til Folkestadvatnet, som vist på skisseforslag datert 21.10.2016. Gangvegen skal vere maksimum 2 meter brei. I tilknytning til gangvegen kan det opparbeidast 4-5 parkeringsplassar ved Blåffjellsvegen.

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsstyret dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Folkestad. Dispensasjonen gjeld for opparbeiding av gangveg frå Blåffjellsvegen ned til Folkestadvatnet, som vist på skisseforslag datert 21.10.2016. Gangvegen skal vere maksimum 2 meter brei. I tilknytning til gangvegen kan det opparbeidast 4-5 parkeringsplassar ved Blåffjellsvegen.

PS 77/16 Gbr 6/25 og 26 - vorpirar og flytebrygge ved naust/fritidseigedomar - framlegg til justert utbyggingsplan

Handsaming:

Sindre Kvangardsnes, FRP, kom med følgjande alternativ tilråding til vedtak:

- 1. Forvaltningsstyret vurderer dei tiltenkte vorane som eit lite terrenginngrep i ei elles mykje utbygd strandsone. Forvaltningsstyret gir difor dispensasjon frå pbl. § 1-8 og gir løyve til tiltaket.*
- 2. Bygging av vorane vil ikkje endre situasjonen i vesentleg grad frå dagens situasjon, og vil heller ikkje hindre fri ferdsel i strandsona.*
- 3. Bygging av vorane må utførast med varsemd i forhold til miljø og naturmangfald.*

Begrunning:

I og med at det på tomte er bygd hytter med stød, så er difor dette eit pårekneleg og nødvendig tiltak for å beskytte båtane sine i eit verhardt område. Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naust og hyttemiljø som sikrar ei vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og det omsøkte tiltaket vil vere positivt for bygda. Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon.

Røysting:

Tilrådinga frå Kvangardsnes fekk fem røyster og vart vedteke.

Tilrådinga frå administrasjonen fekk fire røyster. (Sunde, Trovåg, Ilic og Flo)



Vedtak i Forvaltningsstyret - 15.11.2016

- 1. Forvaltningsstyret vurderer dei tiltenkte vorane som eit lite terrenginngrep i ei elles mykje utbygd strandsona. Forvaltningsstyret gir difor dispensasjon frå pbl. § 1-8 og gir løyve til tiltaket.*
- 2. Bygging av vorane vil ikkje endre situasjonen i vesentleg grad frå dagens situasjon, og vil heller ikkje hindre fri ferdsel i strandsona.*
- 3. Bygging av vorane må utførast med varsemd i forhold til miljø og naturmangfald.*

Begrunning:

I og med at det på tomta er bygd hytter med stød, så er difor dette eit pårekneleg og nødvendig tiltak for å beskytte båtane sine i eit verhardtd område. Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naust og hyttemiljø som sikrar ei vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og det omsøkte tiltaket vil vere positivt for bygda. Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret finn ikkje at framlegg til endra utbyggingsform, har tilført saka nye moment som gir grunn til endra haldning til saka.

Forvaltningsstyret held såleis fast på sitt vedtak i sak 43/16, jf sak 62/16.

PS 78/16 Gbr 35/3, 36/1, 37/2 og 38/3 Oppføring av hus, skytebane og veg

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret - 15.11.2016

Med grunnlag i gjennomført høyring og avklaring i høve til veg og landbrukstilhøve finn Forvaltningsstyret med heimel i plan og bygningslova §19-2 å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan for bygging av veg til skytebana i samsvar med søknad datert 17.februar 2016.

Administrasjonen si tilråding:

Med grunnlag i gjennomført høyring og avklaring i høve til veg og landbrukstilhøve finn Forvaltningsstyret med heimel i plan og bygningslova §19-2 å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan for bygging av veg til skytebana i samsvar med søknad datert 17.februar 2016.



PS 79/16 Scooterløyve Volda kommune 2017 - 2020

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret - 15.11.2016

Forvaltningsstyret vedtek å vidareføre løysinga for snøscooterløyve som har vore i perioden 2013 – 2016 til ei ny periode 2017 – 2020 og at det vert sendt ut utlysning i samband med nytt val av aktørar.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret vedtek å vidareføre løysinga for snøscooterløyve som har vore i perioden 2013 – 2016 til ei ny periode 2017 – 2020 og at det vert sendt ut utlysning i samband med nytt val av aktørar.

PS 80/16 Møteplan 2017 - forvaltningsutvalet

Handsaming:

Det kom forslag om at augustmøtet vert flytta til 29. Forvaltningsstyret var einige i det.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken med den endringa at augustmøtet blir den 29.

Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret - 15.11.2016

Følgjande møteplan for 2017 for forvaltningsutvalet vert godkjent

	FORVALTNINGSUTVALET
JANUAR	10.
FEBRUAR	7.
MARS	14.
APRIL	18.
MAI	9.
JUNI	6.
JULI	
AUGUST	29.
SEPTEMBER	19.
OKTOBER	24.
NOVEMBER	21.
DESEMBER	5.



VOLDA KOMMUNE

Møtetidspunkt for forvaltningsutvalet er kl. 13.00.

Administrasjonen si tilråding:

Følgjande møteplan for 2017 for forvaltningsutvalet vert godkjent

	<i>FORVALTNINGSUTVALET</i>
<i>JANUAR</i>	<i>10.</i>
<i>FEBRUAR</i>	<i>7.</i>
<i>MARS</i>	<i>14.</i>
<i>APRIL</i>	<i>18.</i>
<i>MAI</i>	<i>9.</i>
<i>JUNI</i>	<i>6.</i>
<i>JULI</i>	
<i>AUGUST</i>	<i>22.</i>
<i>SEPTEMBER</i>	<i>19.</i>
<i>OKTOBER</i>	<i>24.</i>
<i>NOVEMBER</i>	<i>21.</i>
<i>DESEMBER</i>	<i>5.</i>

Møtetidspunkt for forvaltningsutvalet er kl. 13:00.

PS 81/16 Orienteringssaker

Handsaming:

Ingen hadde noko å merke til orienteringssaka anna enn at det er greit å få orientering om fylkesmannen sine svar på saker som har vore til handsaming i forvaltningsstyret.

Orienteringssak

OS 7/16 Fylkesmannen i Møre og Romsdal - svar på klagesak i forvaltningsstyret - konsesjon gbr 66/2

PS 82/16 Trafikkforhold i Kårstadvegen/Røystunvegen

Handsaming:

Idar Flo la fram eit ynskje om ei sak der trafikkforholda i krysset Kårstadvegen/Røystunvegen vert tekne opp.



VOLDA KOMMUNE

Framlegg:

Vegkrysset Kårstadvegen/Røystunvegen er uklart for trafikantane med omsyn til praktisering av vikeplikt.

Forvaltningsstyret ber administrasjonen om å utgreie korleis ein kan gjere vikeplikta tydeleg for trafikantane i dette krysset.

Røysting:

Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret - 15.11.2016

Vegkrysset Kårstadvegen/Røystunvegen er uklart for trafikantane med omsyn til praktisering av vikeplikt.

Forvaltningsstyret ber administrasjonen om å utgreie korleis ein kan gjere vikeplikta tydeleg for trafikantane i dette krysset.

Møtet slutt kl. 14.00

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
17. november 2016

Bente Kristin Krøvel
Møtesekretær